

## Søknad

Søknadsnr.	2021-0469	Søknadsår	2021	Arkivsak
Støtteordning	Nærings- og utviklingsfond for utsette område			
Prosjektnavn	Desentralisert utdanning Voss/Hardanger/Kvinnherad			

### Kort samandrag

Samarbeidsgruppa jobbar for ei forutsigbar og varig løysing for desentralisert utdanning i regionen. Prosjektet skal lage grunnlag og sette oss i posisjon for ei statleg finansiering av tilbodet etter prosjektperioden.

### Beskriv omstillingsutfordringane og bakgrunn for prosjektet

Næringshagane har ikkje eit klart definert mandat til å jobbe for kompetansehevande tiltak. Samtidig skal vi spegle eit næringsliv og deira behov, og søke å hjelpe dei med dei utfordringar dei har. Dette gjeld naturlegvis også innanfor områda rekruttering og framtidige erstatnings- og kompetansebehov. Dette vert gjort i noko grad i form av seminar, arrangement, emnekurs m.m. Men vi ser at det manglar ei koordinerande rolle og tilrettelegging i forhold til meir omfattande omstillingsprosessar og kompetansehevande tiltak av lenger varigheit.

Samarbeidsgruppa ser det difor som naturleg å ta på seg denne rolla, då det i praksis er ein «missing link» i forholdet mellom offentleg sektor, utdanningssektoren og næringslivet.

Vi har hatt nokre utfordringar med å få utdanningsinstitusjonar til å legge til rette for desentralisert utdanning utover at nokre studieløp vert nettbaserte. Dette skuldast sjølv sagt også at vårt arbeid har hatt lite kontinuitet over seg og at våre innspel har kome seint inn i prosessane til utdanningsinstitusjonane. Vi kjenner uansett på utfordringar knytt til tankegangen om at samlingsbaserte nettutdanninger må vere knytt opp mot campus. Dette ekskluderer mange som av ulike grunnar ikkje kan vere så mykje borte (jobb, familie osv.).

Samarbeidsgruppa ser også utfordringar knytt til andre forhold og at samarbeid mellom dei ulike sektorane ikkje alltid vert like godt i varetatt. Dette skuldast neppe vilje, lyst eller evne til samarbeid, men sannsynlegvis meir at det ikkje er etablerte rutinar og samarbeid på dette området som i varetar oppgåvene heilt ut i dei enkelte lokalmiljøa.

Bakgrunnen for prosjektet er dei erfaringane vi har gjort oss i dette arbeidet, der vi har jobba med desentralisert utdanning for skuleåra 2020/2021 og 2021/2022 i regionen.

Arbeidet har vore prega av prosjektfinansiering, avgrensa involvering frå kommune/herad og næringslivet. Finansieringa har vore for årlege prosjektperiodar. Det har naturlegvis medført lite kontinuitet og lite planmessig arbeid med studieretningar.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Prosjekteigar	Næringshagen på Voss Org.nr:911778041	Stegen 3 5705 VOSS	90106899
Kontakt	Arne Førde	Stegen 3 5705 VOSS	90106899

## Prosjektbeskrivelse

### Prosjektbeskriving

Næringshagen i Ullensvang, Næringshagen i Hardanger, Næringshagen på Voss og Kvinnherad Næringsservice har i lengre tid samarbeida om å legge til rette for desentralisert utdanning i vår regionen. Det har vore naturleg for oss å samarbeide i heile dette geografiske området, då utfordringane våre er relativt like. Behovet for konkrete studieretningar kan likevel variere noko frå plass til plass.

Desentralisert utdanning i vår region har så langt vore administrert av Stiftinga Høgskuleutdanning i Hardanger (SHIH), der tilboden har vore gjennom studiesenteret.no/OsloMet.

Dette er eit tilbod vi ikkje er tilfreds med, så vi har i 2021 sett meir i retning av eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Vi har funne det som heilt naturleg, då vi er ein del av Vestland fylke.

Vi samarbeider som sagt i heile denne regionen og vårt formål er bl.a. å legge til rette for desentraliserte studie som til ei kvar tid er relevante for lokalt næringsliv i dei 6 kommune/herad partane representerer (Voss, Ulvik, Kvam, Eidfjord, Ullensvang og Kvinnherad).

Dette er eit geografisk nedslagsfelt med i overkant av 50.000 innbyggjarar.

Vi samarbeider også med Hardangerrådet og har gjennom det samarbeidet også dialog med Sogn Regionråd knytt til utdanning.

Ei utviding og formalisering av eit slikt samarbeid, kan sjølv sagt også vere aktuelt og interessant.

Vi vil vidare jobbe for å formalisere eit samarbeid med fylkeskommunen, den enkelte kommune/herad, NAV, utdanningsinstitusjonar og andre relevante samarbeidspartnerar.

Vi ynskjer primært å tilby studie frå vårt geografiske område, men vil også söke studie frå andre geografisk områder der det er naturleg eller nødvendig.

Vi har god trur på at vi saman kan løye utfordringane og få fram den samfunnsøkonomiske gevinsten det vil vere å få på plass langsiktig desentralisert utdanning i distrikta. Det er også i samsvar med politiske signal om at kompetanseløftet også må skje i distrikta.

Dette er i tillegg kanskje endå meir aktualisert grunna korona med permitteringar, oppseiingar og behov for omstilling i arbeidslivet. Eit formelt samarbeid vil forhåpentlegvis bidra til å effektivisere tidsbruken for alle. Vi ser på dette som vinn-vinn der alle partar aukar nytten av arbeidet sitt og kan dra vekslar på kvar andre sin kunnskap og kompetanse.

Samarbeidsgruppa jobbar med ein 3-årig prosjektfinansiering (2021-2023) med målsetjing om ein statleg finansiering av driftsperioden etter det.

#### **Effektmål**

Hovudmålsetjinga vår er å kome inn i ei statleg finansiering tilsvarande andre desentraliserte studiesenter i landet. Ei vellukka gjennomføring vil sikre kontinuitet i vårt arbeid med desentralisert utdanning i vår region, og ikkje minst vil vi meir presist kunne jobbe for å tilby utdanning som er etterspurd i regionen. Dette vil igjen sikre arbeidsplassar, heve kompetansen lokalt og sannsynlegvis redusere fråflytting.

Det vil då vere ein forutsigbarheit i arbeidet, samt vere grunnlag for eit samarbeid mellom offentleg sektor, utdanningssektoren og næringslivet.

#### **Resultatmål**

Resultatmåla for arbeidsgruppa er:

1. Vere i posisjon for statleg finansiering etter prosjektperioden.
2. Konkretisere ein organisasjonsplan for desentraliserte utdanningstilbod på tvers av kommunegrensene i regionen.
3. Formalisere samarbeid med offentleg sektor, utdanningssektoren og næringslivet.

#### **Tiltak som skal legge til rette for omstilling og utvikling**

Vi er allereie i gang med samtalar med Vestland fylkeskommune, HVL og NAV i forhold til formalisering av samarbeidet.

I arbeidet vidare må vi konkretisere innhaldet i samarbeidet og kva forpliktelsane er for partane.

Vi er også i dialog med Studiesenteret i Midt-Troms AS, som i dag har statleg finansiering og 5-6 heiltidsansatte. Dette for utveksling av erfaringar og korleis dei har jobba med dette.

Vi er også i dialog med Inviro på Nordfjordeid, som har samanfallande målsetjing som oss på dette feltet. Også dette for å utveksle erfaringar og dele kunnskap.

Vi må vidare formalisere avtalar med dei enkelte kommunane om samarbeidet. Her er det allereie samarbeid på tvers i andre samanhengar og dette må også konkretiserast knytt til utdanning.

Vi skal vidare ha dialog med Norske Utdanningssentre, som er ein interesseorganisasjon for studiesenter i Norge og ein av aktørane som kan hjelpe oss med statleg finansiering.

Aktivitetar/tiltak vi ser som mest nødvendig i denne fasen, er altså knytt til person ressursar. Vi har pr. i dag definert ein person frå kvar av dei fire partane i samarbeidet, som ei arbeidsgruppe.

Denne gruppa skal gjennomføre både interne og eksterne møter, formalisere avtalar, lage forslag til organisasjonsplan (planen må godkjennast av dei 4 styra i samarbeidet), kartlegge praktiske behov (lokaler, utstyr m.m.) og drive oppfølgjing av alle avtalar og samarbeidspartar i prosjektet. Organisasjonsplanen må også utleie konkrete behov (personell, lokaler, utstyr m.m.) med kostnadsoverslag.

**Grupper tiltaka skal rettast mot (føretak, næring, arbeidstakarar etc.)**

Prosjektet skal setje oss i stand til å tilrettelegge for nødvendig kompetanseheving i dei ulike lokalsamfunna. Vi tenker både offentleg sektor og næringslivet, då neste alle i større eller mindre grad er prega av korona situasjonen. Kompetanseheving er kanskje endå meir aktualisert grunna permitteringar, oppseiingar og behov for omstilling i arbeidslivet.

Vi ser også at det vert behov for kompetanseheving med tanke på grøn omstilling. Vi trur at omstillingshastigheten i arbeidslivet vil auke i tida framover og at desentraliserte utdanningstilbod vert nødvendige for at folk i arbeid kan ta del i kompetansehevande tiltak.

Vi definerer prosjektet som eit tiltak som omfattar befolkninga generelt.

**Tiltaka si forankring i kommunale eller regionale næringssplanar**

Prosjektet er ikkje formelt forankra i dei involverte kommunane. Men dei fleste kommunane har kompetanseheving som tiltak i sine planar og stiller seg positive til dette initiativet.

Vidare ynskjer vi som nemnt å forankre dette også med andre samarbeidspartnarar.

**Prosjektorganisering**

Prosjektet er eit samarbeid mellom fire interesseorganisasjonar for næringslivet. Ein person frå kvar av partane er definert i ei arbeidsgruppe som konkret jobbar med dette

Styret til kvar av dei fire interesseorganisasjonane skal formelt godta planar og arbeidet.

**Samarbeidspartnarar**

Det er ikkje formaliserte avtalar endå, men vi ynskjer å samarbeide med:

Vestland fylkeskommune

Høgskulen på Vestlandet

NAV

Dei involverte kommunane

Næringslivet

Studiesenteret Midt-Troms AS

Norske Utdanningssentre

Inviro (Nordfjordeid)

Andre samarbeidspartnarar kan naturlegvis verte aktuelle i det vidare arbeidet.

**Tids-/milepælsplan**

Startdato: 01.06.2021 Sluttdato: 01.06.2023 Milepælsplan vedlagt søknad: Nei  
2021 Juni - Oppstart planlegging.

2021 4. kvartal - Utarbeide grovskisse organisasjonsplan.

2021 4. kvartal - Forslag til studieprogram 2022/2023.

2021 4. kvartal - Samtalar og forslag til samarbeidsavtalar.

2022 heile året - Ferdigstille alle avtalar.

2022 1. kvartal - Ferdigstille studieprogram 2022/2023.

2022 2. kvartal - Oppfylgjing av studieprogram, lokaler, utstyr m.m.

2022 3. kvartal - Ferdigstille organisasjonsplan med nødvendig dokumentasjon.

2022 4. kvartal - Forslag til studieprogram 2023/2024.

2022 4. kvartal - Godkjenning i dei respektive styrrene.

2022 4. kvartal - Søknad om finansiering.

2023 1. kvartal - Ferdigstille studieprogram 2023/2024.

2023 2. kvartal - Rapportering.

## **Kostnad-/finansieringsplan**

**Mottatt offentlig støtte tidligere:**Nei

**Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>SUM</b>
Personalkostnadar, reisekostnadar m.m.	700 000	1 000 000	700 000			2 400 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>700 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>700 000</b>			<b>2 400 000</b>

Det vil først og fremst vere utgifter knytt til personell. Reisekostnadar vil sannsynlegvis utgjere ein liten del av dei totale kostnadane.

Ein timesats på kr. 700,- vil utgjere 1.000 t i 2021 og 2023, og 1.429 t i 2022.

Det vil utgjere 59% årsverk i 2021 og 2023, og 84% årsverk i 2022.

Vi anser det som realistisk, då det skal fordelast på fire personar.

Dette også med bakgrunn i erfaringar med dette arbeidet det siste året.

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>SUM</b>
* Nærings- og utviklingsfond	350 000	500 000	350 000			1 200 000
Samarbeidskommunane	350 000	500 000	350 000			1 200 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>700 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>700 000</b>			<b>2 400 000</b>

Ein timesats på kr. 700,- vil utgjere 1.000 t i 2021 og 2023, og 1.429 t i 2022.

Det vil utgjere 59% årsverk i 2021 og 2023, og 84% årsverk i 2022.

Vi anser det som realistisk, då det skal fordelast på fire personar.

Dette også med bakgrunn i erfaringar med dette arbeidet det siste året.

Det vil som sagt, først og fremst vere kostnadar knytt til eigeninnsats i arbeidsgruppa.

Denne vil bestå av 4 personar og fordeling av arbeid/eigeninnsats vil sannsynlegvis vere nokså lik.

**Geografi**

4617-Kvinnherad, 4618-Ullensvang, 4619-Eidfjord, 4620-Ulvik, 4621-Voss, 4622-Kvam

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
2021-04-21 Intensjonsavtale mellom næringshagane.pdf	132 663	14.05.2021
Samarbeidsavtale HVL, IØA og Næringshagen på Voss.pdf	66 668	14.05.2021